

## Vassenden skule

Gjesdal 17  
6847 Vassenden  
Tlf. 57 72 65 50  
E-post: [vassenden.skule@sunnfjord.kommune.no](mailto:vassenden.skule@sunnfjord.kommune.no)



Sunnfjord  
kommune

Vassenden 9. januar 2021

### Til Sunnfjord kommune

Vi viser til [høyringa om framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune](#) og sender med dette inn høyringsuttale frå Skuleimljøutvalet (SMU) ved Vassenden skule.

### Høyringsuttale

- *SMU ser at dersom kommunen ikkje gjer endringar i struktur vil dette få store økonomiske konsekvensar for skulesektoren. Dette vil igjen gi reduksjon i lærartettleik og elevoppfølging for elevane på Vassenden skule. Utvalet er derfor positive til at kommunen ser på endringar på kringsgrenser, og at strukturendringa legg opp til å samle skulane i større einingar.*
- *SMU meiner at ungdomsskulen på Vassenden er ein liten ungdomsskule pr. i dag. På bakgrunn av elevtalsutviklinga ved skulen framover dei neste 10 åra, meiner SMU at det er for seint å vente heilt til fase 3 med å flytte elevar frå andre skular i Sunnfjord kommune til ungdomsskulen på Vassenden.*
- *SMU ønsker at ungdomsskulen må planleggast for framtida slik at den alltid har minst to parallellar på alle årssteg ved ungdomsskulen. Dette med bakgrunn i kvalitet i både klasse- og skulemiljø for elevane, og for fag- og arbeidsmiljø for lærarane. Dette vil òg vere viktig for at skulen skal klare å følgje opp dei nye kompetansekrava i Opplæringslova som kjem i 2025. Samla sett ser SMU at parallellar på kvart årssteg vil vere viktig for den framtidige kvaliteten på både det faglege og sosiale tilbodet elevane på ungdomsskulen på Vassenden får.*

### Dette drøfta Skulemiljøutvalet i samband med utarbeidinga av høyringsuttalen i SMU-møte 6. januar 2021

**Økonomi:** Utan endring av struktur, der ein lagar til større einingar, ser utvalet at dette vil få særlege økonomiske konsekvensar for dei større skulane i kommunen. Statistikk frå andre kommunar i same situasjon har vist at det er ved dei store skulane innsparingane i sektoren blir tatt for å kunne oppretthalde drift ved mange små skular i kommunen. Til dømes må ein gå ned på lærartettleiken i store klassar ved dei store skulane. Dette vil slik SMU ser det medføre redusert oppfølging av elevar og klassar på dei store skulane. I tillegg vil lærarane ved dei store skulane få meir arbeidskrevjande arbeidsdagar med meir ansvar og oppgåver enn ved dei små skulane. Som ein av dei store skulane i kommunen vil elevar og tilsette ved Vassenden skule bli omfatta av dette.

**Elevtal og skulemiljø:** Elevtalet på Vassenden skule vil gå ned i åra som kjem. Ut frå klasse- og elevtal på småskulen i 2021 ser vi at det allereie om 8 år vil vere nede i 3 klassar

på ungdomsskolen på Vassenden. Om elevtalet er uendra fram til dette, er det berre rundt 60-70 elevar ved ungdomsskolen.

- Med færre elevar i framtida vil det bli eit lite ungdomsmiljø der elevane får lite endring i løpet av 10- års grunnskuleløp. Elevar i klassar med ei klasse på skulen har tidlegare uttrykt at dei finn det uheldig å ikkje ha noko endring i klassa si i løpet av 10 år. Elevar som har parallellar, der klassane blir miksa på nytt i overgang til u-steg, opplever denne endringa som positivt.
- Utvalet meiner ungdomsskolen bør riggast slik at det alltid er parallellar på kvart årssteg. På denne måten vil ungdomane få eit større og breiare elev- og skulemiljø, der det t.d. er lettare for elevane å møte andre med like interesser. Utvalet ser dette som sentralt for elevane i ungdomsåra, som er i ein viktig livsfase der dette med identitetsutvikling, sosialt samspel og vener er spesielt viktig.
- I 2025 trer nye kompetansekrav i Opplæringslova i kraft. Dette vil særleg få innverknad på ungdomsskolen. Vassenden skule er organisert i to avdelingar der det er vanskeleg å samarbeide om kompetansen med barneskulen pr. i dag. Utvalet ser at eit synkende klasse- og elevtal vil kunne gi faglege utfordringar spesielt på ungdomsskolen på Vassenden.
- Ved ein liten ungdomsskule vil en òg truleg kunne få ekstra utfordringar med å rekruttere inn rett kompetanse i alle fag på ungdomsskolen. Det vil kunne bli utfordrande for lærarane å få fulle undervisningsstillinger innan for faga dei har kompetanse i.
- Å ha eit breitt og godt profesjonsfellesskap er viktig for lærarane sitt arbeids- og fagmiljø. Dette spelar igjen inn på kvaliteten på tilbodet elevane får. Om ungdomsskolen vert for liten, med berre 3 klassar, ser SMU ei utfordring med dette.
- Utvalet meiner at kommunen bør vurdere å kartlegge om elevar frå både Haukedalen, Holsen, Viksdalen eller Skei bør gå på ungdomsskule på Vassenden. SMU opplever at Vassenden skule som PALS- skule har godt pedagogisk grunnlag for å ta imot elevar frå ulike skular. SMU ser positivt på å få nye elevar til skulen, og vil uavhengig av kva som vert bestemt ønskje alle eventuelle nye elevar velkomne.

#### **Areal og bygg:**

- På tomta til Vassenden skule sin ungdomsskule står det gamle murbygget etter Heimyrkeskulen og VGs. Bygget er ikkje i bruk, har ikkje vedlikehald og SMU er ikkje kjend med kva plan kommunen har for bygget si framtid. SMU meiner det er viktig at kommunen konkluderer framtida til murbygget slik at det ikkje vert eit spøkelseshus i ungdomsskolen sitt skulemiljø. SMU ser at murbygget, eller arealet bygget står på kan, kan nyttast i ei eventuell utviding av Vassenden skule ved elevtalsauke.
- Medlemar i SMU er kjende med at folk som ønsker å flytte til Vassenden strevar med å finne seg bustader og tomter. Med tanke på elevtalsutviklinga på Vassenden og planar for skulen si framtid ser utvalet at det viktig at kommunen prioriterer å få på plass god arealplan for Vassenden.
- SMU meiner det er viktig at kommunen brukar ekstra energi på å arbeide proaktivt ang. elevtalsutviklinga på både Vassenden og i heile kommunen. Viktig at kommunen legg godt til rette for tilflytting, tilbakeflytting og arbeider for å unngå fråflytting.

#### **Litt informasjon om Vassenden skule som er nyttig å kjenne til i samband med høyringsuttalen**

Vassenden skule er ein kombinert skule med barneskule og ungdomsskule med kapasitet med 20 klasserom. Skulen har pr.d.d. 280 elevar fordelt på 15 klassar. Dette skuleåret er det 5 klassar på ungdomsskolen, og 10 klassar på barneskulen.

Det som skil Vassenden skule frå andre kombinerte 1-10. skular i Sunnfjord kommune er at skulen vert drifta i to åtskilde avdelingar. Ei avdeling for barneskule og SFO, og ei

ungdomsskuleavdeling. Det er 5-600 meter mellom avdelingane. Elevane på ungdomsskulen har noko undervisning i lokala på barneskulen. Dette gjeld K&H, KRØ og mat og helse. Skulen har vore organisert i to avdelingar i 2,5 skuleår. Erfaringa skulen har etter dette er at avstanden mellom avdelingane gjer det utfordrande å samarbeide mellom avdelingane omkring t.d. bruk av fagpersonell, utstyr/materiell, avvike personalmøte og ha fagleg samarbeid mellom tilsette og elevar. For å unngå at elevane mistar mykje tid til transport mellom avdelingane, må undervisninga som ungdomsskulen har i lokala på barneskulen organiserast i bolkar ved skulestart/skuleslutt.

Med venleg helsing

Skulemiljøutvalet ved Vassenden skule

v/Jan Morten Dvergsdal  
Leiar i Skulemiljøutvalet  
Vassenden skule